

Forskrift om gebyr etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova og jordlova, Vestnes kommune, Møre og Romsdal.

Heimel: Fastsett av [organ] [dato] med heimel i [lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) § 33-1](#), jf. [byggesaksforskriften](#), [lov 16. juni 2017, nr. 65 om eigarseksjonar \(eierseksjonsloven\) § 15](#), [lov 17. juni 2005 om eigedomsregistrering \(matrikkellova\) § 32](#) og [lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord \(jordlova\)](#) jf. [Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker](#)

Kapitteloversikt

Kapittel 1. Generelle føresegner	1
Kapittel 2: Byggesaker	3
Kapittel 3. Plansaker	4
Kapittel 4. Oppretting, endring og seksjonering av eigedom	4
Kapittel 5. Landbruks- og miljøsaker	5

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1-1. Formål og verkeområde til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for saksbehandling kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester:

Kapittel 2: Byggesaker etter plan- og bygningsloven

Kapittel 3: Private planforslag etter plan- og bygningsloven

Kapittel 4: Oppretting, endring og seksjonering av eigedom etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og jordlova

Kapittel 5: Landbruk og miljøsaker etter jordlova

§ 1-2. Føresegner om betaling

§ 1-2-1. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr.

For enkelte tenester vil statlege gebyr fakturerast i tillegg til gebyra etter denne forskrifta. Til dømes gebyr for tinglysing eller dokumentavgift,

Fakturaadresse skal kome fram i søknaden.

§ 1-2-2. Tidspunkt for fakturering, tidspunkt for utrekning av gebyra

Gebyr etter plan- og bygningslova og eigarseksjonslova blir utrekna etter dei satsane som gjeld på tidspunktet komplett sak er mottatt i kommunen, med mindre anna kjem fram av regulativet.

Gebyret blir fakturert når vedtak er fatta.

Behandlingsgebyr i plansaker vert fakturert når saka blir tatt opp til administrativ behandling.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vil det bli lagt til purregebyr etter inkassoforskrifta.

§ 1-2-3. Gebyr og prisar i regulativet

Gebyra reflekterer kommunens arbeid med dei ulike sakstypene og er rekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrregulativet blir vedtatt årleg av kommunestyret. Kommunestyret kan prise gebyra lågare enn sjølvkost.

§ 1-2-4. Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadene for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg blir det fakturert eit gebyr for kommunen sitt arbeid med å hente inn denne bistanden.

§ 1-2-5. Uttale frå andre myndigheiter

Der kommunen må innhente løyve, samtykke eller uttale frå andre myndigheiter blir det fakturert eit gebyr for kommunen sitt arbeide i samband med dette.

§ 1-2-6. Reduksjon av gebyr

Dersom eit gebyr klart overstig sjølvkost i ei enkelt sak, kan kommunedirektøren på eige initiativ eller etter søknad redusere gebyret. Avgjerd av søknad om reduksjon av gebyr, kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 1-2-7. Klage

Fastsetting av gebyr i den einskilde sak kan ikkje påklagast.

§ 1-2-8. Avslag

Saksarbeidet vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utgangen av klagefristen. Ved avslag blir tiltakshavar belasta med 50 % av fullt gebyr. Avslag på søknad om dispensasjonar vert belasta med fullt gebyr.

§ 1-3 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering.

§ 1-4. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta blir det nytta følgjande forkortingar og definisjonar:

- a) Eigarseksjon: Eigarandel i ein bebygd/planlagt bebygd og seksjonert eigedom, med einerett for eigaren til å bruke ein bestemt brukseining i eigedommen.
- b) Igangsettingsløyve: andre del av ein totrinns behandling av byggetiltak ifølgje Pbl.
- c) Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr.), bruksnummer (bnr.), festenummer (fnr.) og seksjonsnummer (snr.). Dersom eigedommen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer, har desse verdien null (0).

- d) Matrikkeleining: Grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrund.
- e) Matrikkellova: Ein lov med formål å sikre tilgang til viktige eigendomsopplysningar, ved at det vert ført pålitelege register over alle faste eigedommar i landet, samt at grenser og eigedomsforhold blir klarlagt.
- f) Oppmålingsforretning: Klarlegge og beskrive grensar og rettigheitene til fast eigendom og gje nødvendig dokumentasjon for matrikkelføring.
- g) Midlertidige bygg: Bygningar, konstruksjonar eller anlegg er midlertidige når dei skal plasserast for ein kortare periode enn to år.
- h) Pbl.: Plan- og bygningslova.
- i) Rammeløyve: første del av ein totrinns behandling av byggetiltak ifølgje Pbl.

Kapittel 2: Byggesaker

§ 2-1 Generelt

Gebyret blir utskrive til tiltakshavar og blir rekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunkt kommunen mottok tilfredsstillande søknad. Gebyret er bygd opp av eit basisgebyr, som avspeglar hovudtyngda av arbeidet innafor kvar sakskategori og eit arealgebyr, som fangar opp meirarbeid som følgje av storleiken på bygget. Areal skal reknast etter NS 3490 (bruksareal). I tillegg kjem gebyr for behandling av eventuelle dispensasjonar.

§ 2-2 Fakturering- og betalingstidspunkt

Når vedtak i samband med søknad om rammeløyve blir gitt, blir 50 % av fullt gebyr (basis – og arealgebyr) fakturert (1. trinn). Dei resterande 50 % blir fakturert etter at igangsettingsløyve er gitt (2. trinn). Ved trinnvis behandling skal det i tillegg betalast for medgått tid pr. igangsettingsløyve frå og med 2. trinn. Gebyr for rammeløyve skal vere betalt før igangsettingsløyve blir gitt. Ev. dispensasjon skal betalast 100 % når rammeløyve blir gitt.

§ 2-3 Kombinerte bygg

Er bygningen samansett av fleire funksjonar, blir gebyret utrekna etter den funksjonen som har størst areal.

§ 2-4 Midlertidige bygg og bruksendringar.

Ved mellombelse bygg skal fullt gebyr betalast etter den kategori bygget høyrer til. Ved bruksendring der det ikkje blir gjort ombygging, skal det betalast 25 % av basisgebyret for den kategorien bygget skal brukast til.

Ved bruksendring der det blir gjort ombygging, gjeld regulativ for ombygging.

Ved bruksendring som krev dispensasjon, skal det betalast tilleggsgebyr .

§ 2-8 Ulovleg bygging

For meirutgifter ved saksbehandling av ulovleg igangsetting eller utførte tiltak, skal gebyr betalast etter medgått tid, minimum 1 time.

§ 2 -9 Tilsyn/avviksbehandling.

For behandling av rapportert avvik eller avvik som er avdekket gjennom tilsyn, er gebyret pr. behandla avvik, etter medgått tid, minimum 1 time.

§ 2-10 Saker levert elektronisk.

Vestnes kommune ønsker at flest mogleg søknadar vert sendt inn elektronisk. Dette bidrar til å gjere saksbehandlninga enklare og kan gjere sitt til at samla behandlingstid blir kortare.

Kapittel 3. Plansaker

§ 3-1 Generelt

Alle typar planar og planendringar skal leverast i digital form etter dei til ei kvar tid gjeldande krav.

§ 3-2 Private reguleringsplanar

Gebyr for behandling av privat reguleringsplan går fram av gebyrregulativet.

Gebyret omfattar all kommunal behandling, intern kopiering, annonsering ved offentleg ettersyn og kunngjering av vedtatt plan.

§ 3-2 Endring av reguleringsplanar

Det er fastsett reduserte gebyrsatsar for endring av reguleringsplanar. Herunder endringar etter forenkla prosess. Jf. Pbl. §12-14

§ 3-3 Særskilde utgreiingar

Kostnader til eventuell arkeologisk undersøking eller andre nødvendige utgreiingar fell på tiltakshavar.

Kapittel 4. Oppretting, endring og seksjonering av eigedom

§ 4-1 Oppretting og endring etter Plan- og bygningsloven § 20-1.

Gebyr for behandling av søknader om oppretting av ny grunneigedom (frådeling), arealoverføring, oppretting av festetomter eller punktfeste går fram av gebyrregulativet. Eventuelle dispensasjonar i samband med delinga kjem i tillegg.

Utgifter til oppmåling, tinglysing og eventuelt matrikkelbrev kjem også i tillegg.

§ 4-2 Deling etter Jordlova § 9 og 12

Dersom søknad om oppretting av ny grunneigedom (deling) mv. også krev løyve etter jordlova, kjem eit behandlingsgebyr i tillegg. Maksbeløp for slik saksbehandling er heimla i sentral forskrift.

§ 4-2 Seksjonering

Gebyr for seksjonering etter eierseksjonsloven, går fram av gebyrregulativet.

Utgift til tinglysing og eventuell oppmålingsforretning og nytt matrikkelbrev kjem i tillegg.

Kapittel 5. Landbruks- og miljøsaker

§ 5-1 Etablering av havbrukslokaliteter

Gebyr for behandling av søknader ved etablering, endring o.l. i samband med havbrukslokaliteter går fram av gebyrregulativet.

§ 5-2 Motorferdsel i utmark

Det skal betalast eit gebyr for annonsering og produksjon av løyver.

§ 5-3 Konesjon

Det er forskjell i omfang og arbeidsmengde i dei ulike sakene. Det er reduserte satsar for enkle og kurante saker og saker utan prisvurdering. Saker med prisvurdering kan krevje bruk av ekstern rådgjeving og gebyret vert difor sett til maksimalbeløp i den sentrale forskrifta.